


annonse



**TRENG DU
NOKON Å
SNAKKE MED?**



Sjå
telef
og k
i Bjø

s



Osing med verdfull erfaring: Bjørn Blomberg var eigentleg på veg til Tanzania for å jobba med forskning der, men vart raskt headhunta til å jobba med å finna medisin mot koronaviruset, etter at pandemien braut ut for alvor. Foto: Privat foto

Bjørn og kollegaane jobbar på spreng for å finna medisin mot koronaviruset

+ Han har erfaring frå ebolautbrotet i Afrika og er no headhunta til eit verdsomspennande forskingsprosjekt for å finna medisin mot koronaviruset. Bjørn Blomberg ser ikkje bort frå at ebolamedisin, kan vera effektiv.

Kenneth Svenningsen

Os & Fusaposten har ved fleire høve prøvd å koma i kontakt med den travle overlegen frå Os. For å gjera det litt enklare, sende me han denne veka nokre spørsmål på mail.

Her er spørsmål og svar frå vår «prat» med Bjørn Blomberg:

- Kva jobbar du konkret med opp mot koronapandemien?

- Eg jobbar til vanleg som overlege på infeksjonsseksjonen på Haukeland Universitetssjukehus, i tillegg til ei bistilling som førsteamanuensis på Universitetet i Bergen. Då koronaepidemien byrja, var eg faktisk akkurat gått ut i overlegepermisjon, og hadde planlagt å reisa til Tanzania for å jobba med forskning der. Men det gjekk ikkje som planlagt, og no er eg i staden tilbake på Haukeland og arbeider med koronaepidemien, fortel Blomberg.

Han har tidlegare erfaring med forskning og arbeid mot infeksjonar i Afrika og globalt, og jobba mellom anna med ebolautbrotet i Vest-Afrika for 5-6 år sidan.

- Eg arbeider no saman med ei gruppe av ekspertar med liknande interesser, og vi driv no fleire ulike forskingsprosjekt på koronavirus. Vi prøver å finna ut av korleis immunsystemet taklar koronaviruset, korleis viruset spreier seg - og ikkje minst, er vi del av ein stor internasjonal studie som prøver ut ulike eksperimentelle behandlingar for koronavirusinfeksjon, seier Blomberg.



Verdfull erfaring: Blomberg jobba mellom anna i Sierra Leone under ebolautbrotet der i 2015. Foto: Privat foto

- Kva type medisinar prøver de ut?

- Det første medikamentet vi prøver ut er hydroksyklorokin, denne berømte malariamedisinen som blant andre Donald Trump har snakka varmt om. Sanninga er at det medisinske fagmiljøet er langt mindre overtydd om dette enn Trump er. Det er laboratorieforsøk og gode teoriar for at det skal verka, men status per i dag er at vi ikkje veit sikkert om denne er til hjelp for pasientar med koronavirus i praksis. Det er nettopp difor vi gjør denne utprøvinga. Det spennande med måten det er organisert på, er at vi på Haukeland samarbeider med 23 andre sjukehus i Noreg, inkludert Rikshospitalet som leier studien, og at vårt norske nettverk samarbeider med tilsvarande sjukehusnettverk i mange land over heile verda under paraplyen Verdas helseorganisasjon. Dette er ein heilt unik måte å organisera medikamentutprøving i krisesituasjonar, og opnar for at vi på

- Denne veka skal vi også byrja å prøva ut eit medikament som heiter Remdesivir, den såkalla ebolamedisinen. Mens malariamedisinen er velkjent og brukt på millionar av malariapasientar i mange år, og til og med vert brukt mot leddgikt her heime, så er denne ebolamedisinen ganske ny.

Denne medisinen blei prøvd ut i Kongo mot ebola i det siste utbrotet som nett i desse dagar går mot slutten. Diverre viste forskinga i Kongo at medisinen ikkje hjelper mot ebola, men medisinen var om ikkje anna godt tolt og hadde lite biverknader. Verdas helseorganisasjon meiner denne ebolamedisinen er lovande i kampen mot korona, men igjen så har vi ikkje nok kunnskap enno til å seia om han verkar eller ikkje.

- Korleis opplever du at det norske helsevesenet taklar utfordringa om dagen?

Artikkelen held fram under annonsen.

- Eg må seia eg er veldig nøgd med korleis det norske helsevesenet taklar koronaepidemien. Frå øvste leiinga i landet via helsevesenet og ut til den enkelt medborgar, synest eg det er stor grad av solidaritet og fornuftig handsaming av epidemien. På sjukehusa og i helsevesenet elles har det vore stor innsats og det er veldig mykje bra samarbeid. På rekordtid har ein gjort store omstillingar for å sjå til at vi både kan behandla pasientane trygt og samtidig unngå smittespreiing så godt som råd.



Tropiske infeksjonssjukdomar: Blomberg jobbar også ved Nasjonalt kompetansesenter for tropiske infeksjonssjukdomar. Her i lag med sjef ved senteret, Kristine Mørch. Foto: Privat foto

- Har du inntrykk av at tiltaka som blir gjort på nasjonalt plan gjer nytta?

- Tiltaka som regjeringa sette inn er jo svært omfattande og kan verka dramatiske.

Liknande tiltak viste seg tidleg å vera svært effektive i å stoppa epidemien i Kina, og det var grunn til å tru at det kunne verka her hos oss og. No, rundt fire veker etter at tiltaka blei sett i verk, merkar vi på Haukeland at det er færre pasientar som blir lagt inn, og vi høyrer liknande utvikling frå andre sjukehus i landet. I tillegg har vi sett at den vanlege sesonginfluensaen nærmast forsvann kort tid etter tiltaka blei sett i verk. Så det ser absolutt ut til at planen verkar. Ein må skryta av styresmaktene for å ta ei tøff avgjerd om å nærmast stenga ned heile landet, men eg trur det kan ha redda mange liv.

- Korleis vil du karakterisera koronaviruset? Kva er det skumlaste med det?

alvorleg sjukdom kombinert med relativt stor smittsomheit, og at vi så langt ikkje har spesifikk behandling mot viruset, sjølv om vi held på å prøva ut fleire medisinar i desse dagar. Viruset kjem opphavleg frå flaggermus, og har truleg spreidd seg til menneske gjennom kontakt med eit anna dyr, kanskje eit lite dyr som kallast pangolin som ser ut som ei vandrande furukongle. Slike pangolinar blei selde på marknaden i Wuhan, der utbrotet starta. Virus som kjem frå dyr kan ha uventa konsekvensar når det hopper over til menneske fordi mennesket ikkje er van med viruset og befolkninga ikkje har opparbeidd seg motstandskraft eller immunitet gjennom tidlegare gjennomgatte infeksjonar. Ebola og hiv er døme på andre virus som har hoppa over frå dyr til menneske og forårsaka store problem for oss.

Elles må vi hugsa på at vanleg sesonginfluensa heller ikkje er uskuldig. Influensa kan eit vanleg år ta livet av rundt 50 nordmenn i veka på toppen av sesongen, og av og til vil også yngre menneske døy av vanleg influensa. Når det gjeld koronavirus, har vi ikkje heilt oversikta over kor stor døydelegheita er, sidan vi ikkje veit sikkert kor stor del av befolkninga som kan ha koronavirusinfeksjon med lette eller ingen symptom. Dei fleste trur at koronavirusinfeksjonen er ein del farlegare enn vanleg influensa, men dette er ting vi og mange andre held på å forska på no.



Vore mykje i Tanzania: Bjørn i Kerege i Tanzania der han har jobba med pasientarbeid og forskning på infeksjonssjukdommar. Foto: Privat foto

- Kva er utfordringa med å finna vaksine mot dette viruset?

I moderne vaksineproduksjon bruker ein som regel genetiske metodar for å framstilla ein liten bit av viruset. Dersom ein sprøyter denne biten inn i kroppen, vil immunsystemet vårt kunna kjenna igjen denne og førebu seg slik at ein får ein sterk og målretta motstand mot det verkelege viruset dersom ein blir smitta. Før vaksinen kan brukast i praksis må ein gjera ein serie med forsøk der ein undersøker immunresponsen, om vaksinen har biverknadar, kva som er riktig dose, og til sist om det faktisk verkar når ein gjev det til vanlege folk. Under tidlegare utbrot av alvorleg koronavirusinfeksjon, altså SARS og MERS, blei det gjort noko arbeid på vaksinar, som kanskje kan hjelpe til at det kan gå litt raskare. Det er ei rekkje aktørar globalt som held på utvikla slike vaksinar, og vi håper at det vil resultera i ein eller fleire effektive

2014-2016 å utvikla ein svært effektiv vaksine, men den kom så seint at utbrotet nesten var over før ein fekk tatt vaksinen i bruk. Men i det siste ebolautbrotet i Kongo 2018-2020 vaksinerte dei over ein kvart million menneske med den same vaksinen, noko som bidrog til at ein fekk kontroll over utbrotet.

- Kor lang tid ser du for deg at det norske folk må leva med ei eller annan form for restriksjon for å unngå å bidra til smitte?

- Det er vanskeleg å vita kor lang tid vi må leva med restriksjonane. No, fire veker ut i stenginga av Noreg, ser det ut til at tiltaka verkar veldig bra. På den andre sida, viss ein slepp opp på tiltaka for tidleg kan det auka på med smitte igjen. Vi får rett og slett sjå korleis det går.

Artikkelen held fram under annonsen.

	kr499	kr1,999
	kr899	kr10,950
	kr7,999	kr89
	kr9,999	kr4,999
kr15,900		

- Ettersom du jobbar innanfor dette feltet, har det vore stor pågang etter kommentarar og intervju deg?

- Naturleg nok er det stort informasjonsbehov i befolkninga, og eg og mange av kollegaane mine får stadig ei rekkje førespurnadar frå både TV, aviser, podkastar med meir.

Emne

NYHENDE

MEDISIN OG HELSE | Helsevesen | Julekalender 2019





Legg til en kommentar ...

Programtillegg for Facebook-kommentarer



Mann i 20-åra har fått påvist koronaviruset

